



Alver kommune v/ Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 81f3bf98-dac6-4ee3-ae2d-e8f9e5ecd0d5

Vår: 21/9319 - 21/77172

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

16.11.2021

Uttale søknad om tilbygg - gbnr 305/186 Fløksand

Tiltak: Fritidsbustad
Byggjestad: Rosslandsvegen 1115 – Gbnr 305/186
Tiltakshavar: Ann-Birgitte H Lonheim
Ansvarleg søkjar: OMC Bygg AS

Saka gjeld søknad om tilbygg og terrasse opplyst med 59,6 m² nytt areal. Det er søkt dispensasjon frå pbl §1-8 for byggegrense mot vassdrag. Denne byggegrensa er sett til 50 meter i kommuneplan for Meland føresegn 1.6.1.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Meland sin arealdel er definert som LNF-SBE. Tiltak ligg i omsynssone H190_1 i kommuneplan for Meland, som er knytt til verneplan for Rylandsvassdraget. Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 20 % BYA. Fritidsbustad skal ha maksimal storleik på 120 m² BRA.

Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har ingen innvendingar om at det vert gitt dispensasjon for tilbygg på fritidsbustad innanfor omsynssone H190_1 i kommuneplan for Meland. Byggegrensa i denne planen er satt til 50 meter.

Vi gjer merksam på at ei auke i størrelse på bygg utløyser krav om endring av gitte tilknytingsløyve. Ei endringssøknad (røyrleggarmelding) vil ikkje medføre at eigar får nytt tilknytingsgebyr, men kan få innverknad på berekning av årsgebyr. Røyrleggar må sende røyrleggarmelding med situasjonsplan som viser røyrføring frå vegg til tilknytingspunkt kommunal vassleidning. Det må også leggast ved målsette teikningar. Alle rom med høgde 1,90 og meir skal takast med i berekninga. Dette gjeld også rom i kjellar, samt utvendige bodar.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune v/ Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG